

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 01.04.2009, 09:00 – 12.00
Møtestad: Copenhagen Plaza Hotel, København

Styremøtet var ope for publikum og presse ved oppmøte og som telefonmøte

Deltakarar frå styret:

Oddvard Nilsen
Leiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Helge Espelid
Medlem

Gisle Handeland
Medlem

Gunnar Berge
Medlem

Torill Selsvold Nyborg
Medlem

Lise Karin Strømme
Medlem

Gerd Dvergsdal
Medlem

Aslaug Husa
Medlem

Ohene Aboagye
Medlem

Gro Skartveit
Medlem

Nils P. Støiva
Medlem

Reidun Johansen
Medlem

Deltakarar frå administrasjonen:

Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Konstituert eigardirektør Ivar Eriksen

Seniorrådgivar Torunn Nilsen

Saker:

031/09 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
032/09 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 4.mars 2009
033/09 O	Administrerende direktør si orientering 1. april 2009
034/09 B	Rapport frå verksemda per januar og februar 2009
035/09 B	Faglig rapportering 2008
036/09 B	Prosjekt "Betre utnytting av pasienthotellet og dei samla sengeressursane" ved Stavanger universitetssjukehus
037/09	Eventuelt

031/09 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 033/09 O AD si orientering pkt 6

Oppdatert møteplan med skisse til agenda for fellesmøta med RHF-styret og HF-styra

Til sak 033/09 O AD si orientering pkt 4

Prosjektrapport til HOD, dagsett 01.04.09

Til Skriv og meldingar:

- Uttale frå Førde bystyre, dagsett 26.03.09 "Stopp nedbygging av helse- og spesialisttenestene ved Førde Sentralsjukehus"
- Brev frå Helsedirektoratet til Helse Vest RHF, dagsett 23.03.09 "Nødnett – tilføring av økte ressurser i prosjektet"
- Pressemelding frå HOD, dagsett 27.03.09 " 47 millioner til samhandling"

Eventuelt:

Følgjande saker vart melde til eventuelt:

Sal av sjukehusbygg i Florø (NPS)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

032/09 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 4. mars 2009

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 4. mars 2009.

033/09 B Administrerande direktør si orientering 1. april 2009

1. Korridorpasientar – Sandviken

I februar 2008 har det vore 0,3 korridorpasient per døgn ved Sandviken. Dette har auka i mars og dei 2 siste vekene har det vore frå 1 – 6 pasientar på korridor/overbelegg.

Det har vore problem knytt til reetablering av bufferkapasitet. 40 pasientar er utskrivingsklare og ventar på tilbod i Bergen kommune. Oppfølging tilsvarande det ein etablerte for Sandviken i perioden september 2007 til april 2008, med dagleg rapportering til Helse Vest og møte kvar veke er reetablert.

Styret presiserte at det ikkje skal vere korridorpasientar ved Sandviken og at vidare tiltak må følgjast tett opp. Styret ønskjer fortløpande orientering om situasjonen.

2. Korridorpasientar – Helse Stavanger HF

Talet på korridorpasientar i Helse Stavanger HF har i veke 12 auka til 26 pasientar på korridor per døgn. Det er ingen auke i bruk av pasienthotellet.

Tilsynet følgjet situasjonen tett. Styret i Helse Stavanger HF har i ekstraordinært styremøte oppretta 30 nye senger.

Prosjektrapporten frå prosjektet med mål om å auke bruken av pasienthotellet er lagt frami sak 035/09.

Styret viste til vedtak i sak 085/08 B Korridorpasientar i Helse Stavanger HF pkt 4, og ba om vedvarande tett oppfølging frå Helse Vest si side i samsvar med vedtaket.

Styret ønskjer fortløpande orientering om situasjonen.

3. Kvalitetssikring av budsjett 2009

Styreleiar oppsummerte frå økonomirapporteringsmøte i HOD 12. mars. HOD har gjennomgått budsjetta for helseregionane.

Den kvalitetssikringa og vurderingane som er gjort av Helse- og omsorgsdepartementet er heilt i tråd med dei vurderingane som Helse Vest har gjort i samband med kvalitetssikringa av budsjettet. Helse Vest meiner det manglar om lag kr 150 mill i tiltak for å handtere risikoen i budsjettet. Når ein tar omsyn til at Helse Stavanger og Helse Bergen har budsjettert med overskot på hhv kr 20 mill og 25 mill nærmar behovet for ytterlegare omstillingstiltak seg kr 200 mill. Det er då ikkje tatt høgde for utføresette forhold.

Det er heilt nødvendig at styret i dei respektive helseføretaka no tar nødvendige grep og sørgjer for at budsjetta er realistiske og innehar nødvendige tiltak for å nå resultatkravet samt handtere risiko. Administrerande direktør føreset at helseføretaka gjennom dei siste oppdateringane av budsjetta har tatt tilstrekkeleg høgde for risiko og at periodiseringa av budsjettet er innretta på ein slik måte at risikoen er fordelt likt gjennom året.

Helse Vest har no gjennomført ei ny kvalitetssikring av budsjetta i helseføretaka for å sikre at risikoen er tilfredsstillande handtert og at det er tatt tilstrekkeleg høgde for tiltak med god realiseringsgrad og at desse er fordelt ned på lågaste nivå.

Funna frå denne gjennomgangen vart presenterte i møte.

Styret i Helse Førde har bedt Helse Vest om bistand til ein brei gjennomgang av økonomien i føretaket. Det blir etablert eit felles prosjekt som skal levere ein prosjektrapport i juni.

I den vidare budsjettoppfølginga vil viktige forhold vere at:

- Helseføretaka må kvalitetssikre at prosessen med implementering av tiltak er iverksett ned på lågaste nivå
- Balansegruppa i HF-a må utarbeide risikoanalyse og føreslå supplerande tiltak for å bringe risiko ned på eit akseptabelt nivå
- Helseføretaka må utarbeide beredskapsplan for handtering av avvik/manglande realisering av tiltakspakka, fordelt ned på lågaste nivå
- Interne gjestepasientar må avstemmast mellom HF-a for å sikre at konsernresultatet blir rett

4. Arbeidsintensive investerings- og vedlikehaldstiltak i 2009 – regjeringa si tiltakspakke

Statusrapportering for tiltaka i Helse Vest per 1. april 2009 var delt ut i møte.

Samtlege prosjekt i Helse Vest er starta opp.

5. Gjennomgang og evaluering av nasjonale tenester

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6. Agenda for fellesmøte med styret i Helse Stavanger HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF

Skisse til agenda for møta var utsendt og delt ut i møte. Styret slutta seg til utsendt skisse til agenda og melder i frå om det er ønske om spesielle tema på møte med det einskilde HF.

7. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

8. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

9. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret ønske at Helse Vest innhenta høyringsuttale frå HF-a og sendte inn høyringsuttale når det gjeld turnusteneste i sjukeheim. Om tidsfristen tillet det ønskjer styret saka innom styret i styremøte i mai.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

034/09 B Rapport frå verksemda per januar og februar 2009

Kommentarar:

Den helsefaglege og den økonomisk delen av verksemdrapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon per 31. januar 2009 medan februarresultata blei presentert i møtet.

Rapporteringa som omhandlar medarbeidarar og omdømme er utarbeidd med basis i informasjon per 28. februar 2009.

Aktivitet:

Dei innrapporterte tala syner at den somatiske aktiviteten i januar 2009 målt i talet på produserte DRG-poeng var -1,7 % lågare enn ved utgangen av januar 2008.

Per januar 2009 var aktivitetsnivået innan somatisk poliklinisk behandling -3,8 % lågare enn i januar året før.

Den samla døgnaktiviteten innan barne og ungdomspsykiatrien er heile 16,3 % høgare enn til same tid i 2008.

Ventetid:

Den gjennomsnittlege ventetida innan somatikken peikar oppover når ein samanliknar januar 2009 med høvesvis desember 2008 og januar 2008. Den samla gjennomsnittlege ventetida var heile 40 dagar lengre når ein samanliknar januar 09 med same månad i 2008. Både ventetida for dei ventande med rett og dei ventande utan rett har auka i denne perioden.

Økonomi:

	Januar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	175	0	175
Helse Bergen	-13 735	-9 016	-4 719
Helse Fonna	1 462	0	1 462
Helse Førde	5 039	3 311	1 728
Helse Stavanger	-15 836	-7 494	-8 342
Kjøp av helsetenester	2 863	3 333	-470
Administrasjonen	521	-335	856
Helse Vest IKT	8	0	8
Sum	-19 503	-10 201	-9 302

Akkumulert resultat pr januar er kr -19,5 mill som gir et resultat som er kr -9,3 mill dårligere enn budsjettet. Ingen av føretaka melder om avvik på prognose for året..

Medarbeidarar:

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest for februar 2009 var 7,3%.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var 16 340 for februar 2009, ei auke på 85 frå januar 2009.

Omdømme:

I februar er det ein merkbar tilbakegang i tiltrua til tenesta. 74 prosent svarer at dei har meget eller ganske stor tiltru, mot 82 prosent i januar.

Styret var svært uroa over den negative resultatutviklinga i helseføretaka, særleg innan lønsområdet. Styret presiserte at det skal gjennomførast ein grundig gjennomgang og kvalitetssikring av HF-a sine budsjett for 2009, for å sikre at budsjetta tek høgde for risiko og er i samsvar med økonomisk bæreevne i 2009. Styret vil komme tilbake til vidare handtering av dette arbeidet i neste møte.

Til styremøtet i mai ønskte styret i ein nærare gjennomgang med tiltak for å sikre rett prioritering og reduksjon av ventetid i føretaka.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapportering frå verksemda per januar og februar 2009 til etterretning.

035/09 B Fagleg rapportering 2008 – forskingsprosjekt og høgspesialiserte tenester

Kommentarar:

Det blir kvart år laga ein rapport om forskingsprosjekt som har fått tildelt midlar av Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger, og verksemda innan høgspesialiserte tenester. Rapporten blir utarbeidd av Kompetansesenteret for klinisk forskning i Helse Bergen HF som er sekretariat for Samarbeidsorganet. Samarbeidsorganet behandla rapporten 11.2.08 og tok den til etterretning, jf sak 02/2009.

I 2008 blei det fordelt 111,7 mill til forskning i Helse Vest RHF, av desse var 10 mill øyremerkt forskning innan psykisk helse.

Når det gjeld midlar til Nasjonale medisinske kompetansesentra over statsbudsjettet og fordeling av midlar til dei regionale kompetansesentra blir nasjonale kompetansesentra tildelt ca. 32 millionar og regionale kompetansesentra blir tildelt ca 38 millionar.

Resultatet frå 2008-rapporten viser ei kraftig auke i rapportert forskingsproduksjon. For talet på innmeldte doktorgradar er auka på 55 % (mot 25 % i det førre toppåret, 2007), og for PubMed-registrerte vitenskaplege artiklar er auka på over 20 %. Fordelinga av stipendiatane på fagbakgrunn er for 2008-rapporteringen slik:

Medisin	37	60 %
Naturvitenskap	15	24 %
Helsefag	5	8 %
Psykologi	4	6 %
Samfunnsvitenskap	1	2 %

Talet på kandidatar med fagbakgrunn innan medisin er auka frå 53 % i 2007 til 60 % i 2008. Helsefaga hadde ingen kandidatar ved rapporteringa i 2007, medan 5 kandidatar har slik bakgrunn ved rapporteringa i 2008.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapporten "Faglig rapportering 2008" vedrørande forskningsprosjekt, nasjonale funksjoner og nasjonale og regionale kompetansesentra til etterretning.
2. Rapporten blir oversendt til Helse- og omsorgsdepartementet som tillegg til årleg melding.

036/09 B Prosjekt "Betre utnytting av pasienthotellet og dei samla sengeressursane" ved Stavanger universitetssjukehus

Kommentarar:

Helse Stavanger HF har over lang tid hatt stort press på sengekapasiteten og hatt mange pasientar liggande på korridorar i sjukehuset. Pasienthotellet som blei tatt i bruk i september 2006 har i liten grad hatt forventa effekt på overbelegget.

I styresak 085/08 B; *Korridorpasientar i Helse Stavanger HF*, gjorde styret i Helse Vest RHF følgjande vedtak i punkt 2 :

"Helse Stavanger må auke bruken av pasienthotellet i tråd med dei måla som er sett og i samsvar med nasjonale erfaringar".

Som oppfølging av dette vedtaket er det gjennomført eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Vest RHF og Helse Stavanger HF med ekstern prosjektleiar.

Gjennomgangen og analysen i prosjekt *"Betre utnytting av pasienthotellet, St. Svithun hotell ved Stavanger universitetssjukehus og optimalisering av sengeressursane ved SUS"* har vist at det er eit klart potensiale for forbetring. Så langt viser kartlegginga eit klart underforbruk av hotellet når det gjeld aktuelle pasientar frå SUS.

Pasienthotellet blir ikkje brukt i det omfang som var lagt til grunn i planlegginga av hotellet. Helse Stavanger har som kjent eit betydeleg problem med korridorsenger jf styresak 085/08 B. Pasienthotellet, saman med MOBA og auka frekvens av dagkirurgi, skulle langt på veg løyse problemet med korridorsenger. Så langt har ikkje effekten av pasienthotellet gitt nemneverdig utslag på korridorsengene.

Helse Vest RHF si vurdering er at Helse Stavanger snarast råd må sette i verk tiltak som er underbygd og foreslått i rapporten. Tiltaka vil integrere pasienthotellet som ein del av sjukehuset og gi SUS ei betre utnytting av dei samla sengeressursane.

Arbeidet med å optimalisere den dagkirurgiske verksemda må fortsette i tråd med både nasjonale og internasjonale føringar og retningslinjer.

Vedtak (samrøystes):

1. Rapporten vart teken til orientering
2. Helse Vest RHF føreset at Helse Stavanger HF følgjer opp dei tiltaka som er foreslått i rapporten og arbeider vidare med dei områda der det er peika på klart potensiale for forbedringar.

037/09 B Eventuelt

Sal av sjukehusbygg i Florø (NPS)

Administrasjonen orienterte om prosessen og dei økonomiske konsekvensane av eit eventuelt sal av sjukehusbygningane i Florø.

Situasjonen i Florø og Sauda er tilsvarande. Meldinga frå Helse- og omsorgsdepartementet er at sal av gamle sjukehusbygg skal vurderast i samband med Samandlingsreforma.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 10.03.09 "Overbelegg og korridorpasienter på Stavanger Universitetssjukehus Helse Stavanger HF (SUS)"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 26.02.09 "Melding om tilsyn med Ryfylke DPS, Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger 22. – 23. april 2009"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 25.02.09 "Melding om tilsyn med Sola DPS, Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger 20. – 21. april 2009"
- Brev frå Jæren DPS til Helse Vest RHF, dagsett 09.03.09 "Vedrørende bestilling for de private ideelle institusjonene i Helse Vest for 2009"
- Brev frå Flora kommune til Helse Vest RHF, dagsett 13.03.09 "Konsekvensar ved eventuelt sal av sjukehusbygningen i Florø"
- Kopi av brev frå Arbeidstilsynet til Helse Fonna HF, dagsett 18.02.09 "God vakt! Vedtak om pålegg"
- Brev frå HOD til lederne i helsesektoren, dagsett februar 2009, "Invitasjon til helsekonferansen 2009"
- Brev frå HOD til RHF-a, dagsett 18. mars 2009, "Nødnett - tilføring av økte ressurser til prosjektet"

- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 13.03.09 "Bierverv" Uts. Off.

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Uttale frå Førde bystyre, dagsett 26.03.09 "Stopp nedbygging av helse- og spesialisttenestene ved Førde Sentralsjukehus"
- Brev frå Helsedirektoratet til Helse Vest RHF, dagsett 23.03.09 "Nødnett – tilføring av økte ressurser i prosjektet"
- Pressemelding frå HOD, dagsett 27.03.09 " 47 millioner til samhandling"

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 1. april 2009

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Lise Karin Strømme

Helge Espelid

Reidun Johansen

Aslaug Husa